



Jnr. 1108.21
THM/aat

Ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar i Sunnhordland
Ordførar og kommunedirektør i Haugesund kommune
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland

fredag 15. oktober kl. 09.30 i Skakkesenteret, Etne. Så tidsplan for oppmøteplass.

Tidsplan:

- Kl. 09.30 Oppmøte ved Etne kyrkje parkeringsplass. Omvisning Havforskningsinstituttet si laksefella v/ Øystein Skaala.
- Kl. 10.30 Oppmøte Skakkesenteret og orientering v/ Sjur Aakra (svineprodusent)
- Kl. 10.45 Orientering Sunnhordland Mekaniske Verkstad v/ Lars Hovda.
- Kl. 11.00 Sakshandsaming
- Kl. 12.00 Lunsj
- Kl. 12.45 Omvising Skakkesenteret v/ Gøril Eidhammer
- Kl. 13.00 Sakshandsaming fortsetter

Sakslista:

- Sak 33/21 Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 3. september d.å.
- Sak 34/21 Bruk av tiltakspott
- Sak 35/21 Mogleg overgang til Rogaland fylke
- Sak 36/21 Prosjekt Førebygge og hindre forsøpling
- Sak 37/21 Møte med stortingspolitikarar
- Sak 38/21 Skriv og meldingar
 - a) Omdømmeprojektet – Bu i Sunnhordland
 - b) Regionalt kompetanseforum Sunnhordland
 - c) Styre i Geopark Sunnhordland AS
 - d) Støtteerklæring PCR hurtigtestmaskin til Stord Sjukehus
 - e) Innspel til regjeringsforhandlingane - Hordfast
 - f) Drifts-/og prosjektorientering
- Sak 39/21 Ymse

Sunnhordland, 8. oktober 2021

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. oktober kl. 09.30
Skakkesenteret, Etne kommune

Sak 34/21
THM/aat

BRUK AV TILTAKSPOTT

Kommunane løyver 7 kr. pr. innbyggjar til tiltakspotten. Tiltakspotten er Samarbeidsrådet sin eigenfinansiering som kan nyttast inn i ulike prosjekt. Det er Samarbeidsrådet som skal vedta kva midlane skal nyttast til. Dette med bakgrunn av prosjektplan og/eller ei sakshandsaming.

Administrasjonen legg med dette fram eitt prosjekt der ein har fått eksterne midlar og som kan fullfinansierast av tiltakspotten.

1. Utvikling av Geopark Sunnhordland – siste prosjektfase

Prosjektet skal ferdigstille UNESCO-søknad og legge til rette for at Geopark Sunnhordland best mogleg kan svare på krava som ligg føre for å kunne søke UNESCO Global Geopark Network status. Dei nødvendige tiltaka skal gjennomførast 2. halvår 2021.

Det er lagt opp til eit nøkternt budsjett men med prosjektleiar i 100% stilling i 6 månader for å sikre at tiltak i prosjektplanen vert utført.

Totalt budsjett er på kr. 1 020 000,- og det er lagt opp til ein finansieringsplan delt mellom fylkeskommunen, Visit Sunnhordland/næringa og Samarbeidsrådet i form av direkte støtte/midlar og eigeninnsats.

Budsjett er som følgjer:

| KOSTNADER | | FINANSIERING | | |
|--|-----------------------|--------------------------------------|----------------------|----------------------------|
| Art: | Budsjett 2. halvår 21 | Kjelde: | Budsjett 2.halvår 21 | Revidert finansieringsplan |
| Prosjektleiar 100% inkl. sos.kostn. | 472 000 | Handl.progr. Næringsutvikl. | 400 000 | 359 000 |
| Prosjektkontor/kontorhald, rekn.sk, revis. | 30 000 | Annan finans. (t.s. 324-2020 m.m.) | 100 000 | 141 000 |
| Prosjektansvar | 30 000 | Samarb.rådet/Visit Shl. - Eig.inns. | 30 000 | 30 000 |
| Møter/reiser | 45 000 | Samarbeidsrådet/Visit Shl. | 147 000 | 147 000 |
| Utarb. fagtekstar - Geolog/arkeolog mfl | 315 000 | Fagansvarlege mfl./bedr. - Eig.inns. | 343 000 | 343 000 |
| Kompetanseheving - guider | 20 000 | | | |
| Profilering, marknad | 65 000 | | | |
| Utvikle nettverk - bedrifter | 28 000 | | | |
| Diverse | 15 000 | | | |
| Total | 1 020 000 | Total | 1 020 000 | 1 020 000 |

Pr. 15. april 21 blei det søkt fylkeskommunen om kr. 400 000,- i støtte til prosjektet. I svar datert 3. september 21 blei det gitt tilsegn på kr. 359 000,- med revidert budsjett frå fylkeskommunen (som ovanfor). Dette medfører ein større andel med eigenfinansiering.

I ovannemnde finansieringsplan var det lagt opp til kr. 147 000,- i eigenfinansiering med ei tenkt fordeling på kr. 50 000,- frå budsjettet til Visit Sunnhordland og kr. 97 000,- frå tiltakspotten.

Fylkeskommune reduserte søknadsbeløpet med kr. 41 000,- og ein må difor finne andre måtar å dekke inn dette beløpet på.

Udekket finansiering vert då kr. 97 000,- i tillegg til kr. 41 000,- som vart redusert i tilskot frå fylke.

Med bakgrunn i ovannemnde informasjon bed administrasjonen om at det vert sett av inntil kr. 138 000,- frå tiltakspotten til «udekket finansiering» i siste fase av prosjektet.

Status tiltakspott 2021 :

| | |
|---|------------------|
| Saldo pr. 01.01.21 | 449 819,- |
| Kommunetilskot 2021 | 455 119,- |
| Saldo pr. 01.10.21 | 904 938,- |
| Utvikling Geopark Sunnhordland – 2. halvår 2021 | -138 000,- |
| Saldo pr. 15.10.21 | 766 938,- |

Framlegg til vedtak

Samarbeidsrådet for Sunnhordland løyver inntil kr. 138 000,- frå tiltakspotten til Geopark Sunnhordland – fase 2 (2. halvår 2021).

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. oktober kl. 09.30
Skakkesenteret, Etne kommune

Sak 35/21
THM/aat

MOGLEG OVERGANG TIL ROGALAND FYLKE

Kommunestyre i Stord hadde i 2020 ei drøfting om kommunen og resten av Sunnhordland sin situasjon etter overgangen til Vestland fylkeskommune. I debatten var det oppe om kommunen burde melde overgang til Rogaland. Bakgrunnen for debatten var blant anna forventningar som låg til grunn i desentraliserte oppgåver, og fylkesutvalet si handsaming av ferjefri kyststamveg, Hordfast.

Kommunestyret i Stord kommune handsama spørsmål om mogleg overgang til Rogaland fylke i møte 14.05.20 og ba om at saka vart tatt opp i Samarbeidsrådet.

I intensjonsavtalen mellom tidlegare Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 17. januar 2017 var det lagt opp til ei spreining av administrative funksjonar i fylke. Funksjonar innan veg, opplæring og idrett, næring og kultur skulle lokaliseras til distriktskommunar i tidlegare Hordaland. Det var difor grunn til å ha høge forventningar til at nokre funksjonar i nye Vestland vart lagt til Sunnhordland.

Samarbeidsrådet vart også i desember 2017 utfordra av dåverande fylkesordførar Anne-Gine Hestetun til å koma med ynskjer på kva område ein såg føre seg som eigna å få lagt til regionen. Samarbeidsrådet hadde fleire møter og god dialog med aktørane i prosessen fram til avgjerda vart teken. Det vart difor skuffande å registrere at Sunnhordland vart valt vekk som lokalitet for ein eller fleire funksjonar.

I møte 5. juni 2020, sak 27/20 – Mogleg overgang til Rogaland fylke, gjorde Samarbeidsrådet følgjande vedtak:

1. *Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil gjennomføra ei undervegs evaluering av Sunnhordlandskommunane si rolle i det nye Vestland fylke.*
2. *I fase 1 skal det gjerast ei vurdering om Sunnhordlandskommunane har ein tydeleg nok posisjon i det nye fylke.*

Fylkeskommunen skal koplast inn for å synleggjera sitt syn på saka.

3. *Ut i frå resultat frå fase 1 skal det gjerast ei vurdering om det er grunnlag for å starte arbeidet med fase 2, der kvar kommune kan gjera ei vurdering om det er tenleg å gå vidare med prosess for å vurdere ny*

fylkestilknytning.

4. *Administrasjon legg fram ei skisse på mandat, prosess og finansiering til møte 4. september.*

Med bakgrunn i dette skal Samarbeidsrådet for Sunnhordland evaluere kva verknader fylkessamanslåinga har fått for Sunnhordlandsregionen.

Til møte i Samarbeidsrådet 4. september 2020 la administrasjonen fram følgjande forslag på skisse til mandat, prosess og finansiering av evalueringa:

Arbeidet er inndelt i to fasar. Den første fasen vil bli gjennomført i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland, og består av innhenting og bearbeiding av informasjon.

Fase to er oppfølginga som vil skje i den enkelte sunnhordlandskommunen der det skal vurderast om det er tenleg å gå vidare i arbeidet med ny fylkestilknytning.

Mandat:

Det skal gjennomførast ei evaluering av Sunnhordlandskommunane si rolle i det nye Vestland fylke. Evalueringa skal vurdere følgjande:

- *Lokalisering av fylkeskommunale funksjonar før og etter fylkessamanslåinga.*
- *Talet på fylkeskommunale einingar og funksjonar som er lokaliserte i Sunnhordlandskommunane og talet på tilsette, før og etter fylkessamanslåinga.*
- *Politisk representasjon frå dei ulike regionane i Vestland fylke, i fylkesting, fylkesutval, hovudutval, andre utval og råd.*
- *Fordeling av investeringsmidlar til bygg, anlegg og veg, etter region, før og etter fylkessamanslåinga.*
- *I tillegg til å analysere Sunnhordland sin posisjon i Vestland fylke vs. Rogaland fylke, så bør analysen ta for seg scenarioet Rogaland fylke som ein del av Vestland fylke. Det bør være ein overordna og transparent analyse, med høg nytte og gjenbruksverdi for alle involverte partar.*

Prosess:

Samarbeidsrådet sin administrasjon vil vere prosjektleiinga for evalueringsarbeidet, og oppdraget skal utførast av ein ekstern konsulent med relevant kompetanse og erfaring.

Anskaffingsreglenes del 2 vil bli lagt til grunn for anskaffinga.

Arbeidet er forventa å ha oppstart i oktober/november 2020, og evalueringsrapporten er ønska levert innan februar 2021.

Arbeidsutvalet får fullmakt til å fatte avgjerder av ikkje-prinsipiell karakter knytt til evalueringsarbeidet.

Finansiering:

Kostnadsramma for rapporten antar ein kjem på ca kr.300 - 400.000. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil søke Vestland fylke og Rogaland fylke om støtte til arbeidet med å utarbeide rapporten, då analysen er av viktig karakter for begge fylka.

Samarbeidsrådet gjorde i møte 4. september 2020 følgjande samrøystes vedtak:

- *Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner framlegg til vedtak slik det føreligg.*
- *Administrasjonen skal søke finansiering til analyse og rapport hos Rogaland og Vestland fylke, samt søke midlar frå KMD. Samarbeidsrådet kjem tilbake til mandat og framdrift etter at ein har fått svar på søknad om finansiering.*

Det kom også fram i møte at dette var ei sak som ikkje trong forhastast slik at fylkeskommunen i løpet av det første året skulle få arbeida seg godt saman i det nye Vestland fylke.

I januar 2021 vart det gjennomført møte med fylkesrådmann i Vestland, Rune Haugsdal med fokus på Vestland fylkeskommune si rolle og funksjonsfordeling knytt opp imot Sunnhordland som region.

I tillegg har Sveio kommune bedt Telemarksforsking utarbeida rapport for Sveio kommune – Utredning av framtidig fylkestilhørighet for Sveio kommune, som var ferdig september 2021. Rapporten har ført til at Sveio kommune skal ha folkerøysting i januar 2022 om fylkestilhørslse. Ordførar Linn Therese Vinje vil orientere nærmare om dette i møte.

Med bakgrunn i ovannemnde vart det i møte i arbeidsutvalet 1. oktober 2021, spelt inn frå ordførar Gaute Epland om å få saka tatt opp att i Samarbeidsrådet for drøfting om vegen vidare.

Administrasjonen legg difor saka fram til drøfting.

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. oktober kl. 09.30
Skakkesenteret, Etne kommune

Sak 36/21
THM/aat

PROSJEKT FØREBYGGE OG HINDRE FORSØPLING

Våren 2019 var Samarbeidsrådet for Sunnhordland på studietur til Brussel. Eit av tema rådet ynskte å få informasjon om var EU sitt arbeid mot forsøpling og sirkulærøkonomi.

Samarbeidsrådet har i ettertid, etter innspel frå ordførar Gaute Epland, hatt drøftingar på kva kommunane i Sunnhordland kan gjera for å få til ein ekstra innsats for å både hindra forsøpling og stimulera til grøn vekst, med utgangspunkt i sirkulær økonomi.

Det vart gjort følgjande vedtak i møte 21. juni 2019:

- 1. Samarbeidsrådet har som mål å få etablert eit felles prosjekt mot forsøpling.*
- 2. Saka vert lagt fram for Samarbeidsrådet i løpet av hausten.*

Ut i frå drøftingar i Samarbeidsrådet og oppfølging i arbeidsutvalet laga administrasjonen prosjektplanen – Førebygge og hindra forsøpling, og det vart i Samarbeidsrådet sitt møte i 13. september 2019, sak 37/19 vedtatt følgjande:

- 1. Samarbeidsrådet går inn for at det vert etablert ei brei samansett ressursgruppe med sentrale aktørar som får ansvar for utarbeiding av ein strategi og handlingsplan mot forsøpling i Sunnhordland*
- 2. Arbeidet skal også ha fokus på tiltak for å førebyggja og hindra forsøpling.*
- 3. AU får fullmakt til å setja saman ei ressursgruppe.*

Det vart satt saman ei ressursgruppe som har hatt fleire møter for å drøfta korleis ein saman kan laga ein strategi og handlingsplan med føremål å hindra forsøpling i Sunnhordland og stimulera til grøn vekst.

Med bakgrunn i ovannemnde prosjektplan har administrasjonen i Samarbeidsrådet tidlegare søkt midlar hos ulike aktørar som tidlegare Fylkesmannen i Hordaland, hos Fylkeskommunen samt Miljøfondet til SIM. Alle aktørar gav avslag på søknad.

I møte i AU 1. oktober 2021 kom det spørsmål om status i prosjektet frå ordførar Gaute Epland.

Administrasjonen vil rå til at formålet og innholdet i prosjektet blir vurdert på nytt, med bakgrunn i avslaga på søknader.

Administrasjonen legg difor saka fram til drøfting.

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. oktober kl. 09.30
Skakkesenteret, Etne kommune

Sak 37/21
THM/aat

MØTE MED STORTINGSPOLITIKARAR

Samarbeidsrådet har i mange år prioritert å reise til Oslo ein gong i året, for å møte blant anna departement, stortingspolitikarar og andre. Dette har vore ein god måte å få drøfta viktige saker for regionen på.

Det har kome førespurnad frå ordførar Kåre Martin Kleppe om Samarbeidsrådet skal planlegge møte med nye stortingspolitikarar i Oslo over nyttår. Arbeidsutvalet drøfta i møte 1. oktober førespurnaden og støttar forslaget.

Administrasjon treng innspel på tidspunkt og innhald, og legg difor saka fram til drøfting.

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 15. oktober kl. 09.30
Skakkesenteret, Etne kommune

Sak 38/21
THM/aat

SKRIV OG MELDINGAR

a) Omdømmeprojektet – Bu i Sunnhordland

Det er ny Sunnhordlandsfilm i emning. Etter anbudsrunde gjennomført av administrasjon, styringsgruppa og referansegruppa, er Tada vald som leverandør.

b) Regionalt kompetanseforum Sunnhordland

Det regionale kompetanseforumet melder jamleg inn til Vestland fylkeskommune sitt kompetanseforum, kva behov næringa i Sunnhordland etterlyser av kompetanse. Dette for å sikre at fylket til ei kvar tid legg til rette for rett antall studieplassar, og relevante studielinjer.

Den 4. oktober gav Kompetanseforum Sunnhordland innspel til Kompetanseforum Vestland ifm. den nye regionale planen «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2033». Sjå vedlegg.

c) Styre i Geopark Sunnhordland AS

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune valde i møte 29.-30. september 2021 følgjande representantar i styre til Geopark Sunnhordland AS:

Magne Rommetveit – styremedlem

Gunnar Moland – varamedlem

Følgjande styre er godkjent av representantskapet i Samarbeidsrådet den 4. oktober:

- Liv Kari Eskeland, stortingsrepresentant
- John Inge Svendsen, geolog
- Bård Gram Økland, arkeolog
- Magne Rommetveit, repr. Vestland fylkeskommune (Gunnar Moland, vara)
- Torstein Hatlevik, hotelleigar og leiar i styringsgruppa i Visit Sunnhordland
- Stina Nordbak, samfunnsplanleggjar og leiar i Visit Austevoll
- Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, styreleiar i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

d) Støtteerklæring PCR hurtigtestmaskin til Stord Sjukehus

Helse Vest har sendt følgjande svar på Samarbeidsrådet sin støtteerklæring til PCR hurtigtestmaskin til Stord sjukehus.

Vi har forståing for engasjementet og viser til Helse Fonna for nærmare svar og status for vurderinga av ei slik maskin på Stord sjukehus.

I samband med koronapandemien er den største kapasiteten på testing eit oppdrag universitetssjukehusa i landet har, i tråd med faglege råd, kompetanse, utstyr, bygg og meir. Stavanger og Haukeland universitetssjukehus har dette oppdraget for Vestlandet og har god kapasitet. Svartida på prøvar skal vere så raskt som mogleg.

<https://helse-vest.no/nyheiter/nyheiter-2020/trygg-pa-koronatesting>

Helse Fonna anskaffa ein PCR-maskin for hurtigtest av covid-19 til Haugesund sjukehus i 2021. Denne maskinen nyttast til testing av innlagte pasientar. Maskinen har låg kapasitet og er ikkje eigna for massetesting. Andre prøvar blir analyserte på den ordinære PCR-maskinen. Denne har vesentleg høgare kapasitet, også for andre undersøkingar, som til dømes influensa. Slik vi forstår det vurderer Helse Fonna ei mogleg anskaffing av hurtigtestmaskin også for Stord sjukehus.

e) Innspel til regjeringsforhandlingane - Hordfast

Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Haugaland Vekst v/styreleiarar sendte den 8. oktober felles innspel til Ap og Sp sine regjeringsforhandlingar. Sjå vedlegg.

f) Drifts-/prosjektorientering

Dagleg leiar vil gje ei kort orientering i møte.